



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik folkebibliotek, Biblioteket
Dato:	08.12.2022
Tid:	10:00 - 13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solveig Hellesnes Uppheim	Leder	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleder	AP
Gunnbjørg Øyre	Medlem	SV
Håkon Gjerde	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Strømmen	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Knut Nes	Terje Strømmen	SP

Andre som møte:

Thore Hopperstad	Kommunedirektør
Trygve Solberg	Økonomisjef
Janne Eraker	Revisjonssjef/Dagleg leiar, Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor, Vestlandsrevisjon IKS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Solveig Hellesnes Uppheim
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.10.2022	2022/223	
	Politiske saker		
PS 21/22	Forvaltningsrevisjon - Etterleving av arkivrutinar og reglement - handlingsplan	2022/216	
PS 22/22	Forvaltningsrevisjon - Kjøp av tenester frå andre kommunar - prosjektplan	2022/337	
PS 23/22	Rekneskapsrevisjon - oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 - orientering frå kommunedirektør	2022/218	
PS 24/22	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - uttale frå revisor - orientering frå kommunedirektør	2022/218	
PS 25/22	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	2022/226	
PS 26/22	Informasjon frå revisor	2022/222	
PS 27/22	Uavhengighetserklæring frå Vestlandsrevisjon IKS	2022/275	
PS 28/22	Kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad	2022/329	
	Referat saker		
RS 10/22	VS: FKT -info Oktober 2022	2022/221	
RS 11/22	NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023	2022/276	

Godkjenningssaker

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ingen merknad til innkalling og sakliste.

Kontrollutvalet vart einig i at første KU-møte i 2023 vert 02. mars 2023 kl. 1200.

Vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Kontrollutvalet skal ha møte 02 mars 2023 kl. 1200.

GK 8/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.10.2022

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til møteprotokoll frå møte 06.10.2022.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 06.10.2022 vart godkjent.

Politiske saker

PS 21/22 Forvaltningsrevisjon - Etterleving av arkivrutinar og reglement - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren kjem med ny status på handlingsplanen, vedr. forvaltningsrevisjon om etterleving av arkivrutinar og reglement, til første møte i utvalet i 2023.

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om handlingsplan etter forvaltningsrevisjonen, ut i frå dei dokumenta som vart sendt til sekretær kort tid før møte.

Kontrollutvalet diskuterte vidare prosess i saka ut i frå at det er ein del av oppfølgingsarbeidet som står att som tek noko tid, 2023 og 2024. Kontrollutvalet vart einig i å henstilla nytt kontrollutval om å følgja opp saka i 2024. Sekretariatet får i oppgåve å melde frå om dette til det nye kontrollutvalet.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet takker for utarbeid handlingsplan til forvaltningsrevisjonen.
2. Kontrollutvalet henstiller nytt kontrollutval om å følgje opp saka vidare i 2024 ut i frå at forbetningsarbeidet tek noko tid.
3. Sekretariatet får i oppgåve å meddele dette til nytt kontrollutval.

PS 22/22 Forvaltningsrevisjon - Kjøp av tenester frå andre kommunar - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon gjennomføra forvaltningsrevisjon – Kjøp av tenester frå andre kommunar.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 15.01.2023. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, slik det vart informert i møtet.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 25.08.2023 verifisert og inkludert kommunedirektør sin uttale.

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Aktuelle tenesteområde vart diskutert i møtet og kontrollutvalet vart einige om at forvaltningsrevisjon gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar skal gjennomførast innanfor tenesteområda:

- Barnevern
- PPT
- Legevakt
- ØH-senger

Revisjonen har berekna at det for denne forvaltningsrevisjonen vil gå med 350 - 400 timar.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon gjennomføra forvaltningsrevisjon - Kjøp av tenester frå andre kommunar, innan tenesteområde Barnevern, PPT, Legevakt og ØH-senger.
2. Prosjektplanen vart godkjent slik den ligg føre med tillegg av dei tenesteområda som vart avklart i møtet.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal som det vart informert om i møtet (350 - 400 timar).
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 25.08.2023 verifisert og inkludert kommunedirektør sin uttale.

PS 23/22 Rekneskapsrevisjon - oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef orienterte om status gjeldande oppfølging av revisjonsrapport nr. 2.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 24/22 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - uttale frå revisor - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om oppfyljing frå administrasjonen etter revisjonen sin konklusjon med atterhald gjeldande etterlevingskontroll av opphaldsbetaling sjukeheim.

I påvente av avklaring av ansvarsdelinga i helse og omsorg, så har vidare oppfyljing av denne revisjonen vore utsett. Vidare oppfyljing vil verta gjort av ass.kommunalsjef helse og omsorg. Arbeidet skal vera ferdigstilt i første kvartal 2023 og KU vil verta oppdatert om saka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet takker for orienteringa og ber om ei ny orientering til andre møtet i KU i 2023.

PS 25/22 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

- Budsjet 2023
- Ny oppmoding frå IMDI om busetjing av flyktningar
- Manglande prosess i ei tilsetjingssak
- Konsensjonskraft
- Korona-avtalen mellom kommunane og staten
- Meirforbruk på helse
- Legesituasjonen i Ulvik
- NOU 2022:10 Inntektssystemet til kommunane - Høyring

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 26/22 Informasjon frå revisor

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisjonssjef orienterte om nytt frå revisjonen og det vart mellom anna orientert om:

- Organisering (morselskap og dotterselskap)
- Strategidokument 2023-2025
- Aktivitet i selskapet
- To kontor - hovudkontor i Knarvik og avdelingskontor på Voss
- 8 tilsette pr. 01.01.2023.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 27/22 Uavhengighetserklæring frå Vestlandsrevisjon IKS

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisjonssjef og oppdragsansvarleg revisor orienterte kort om uavhengighetserklæringa.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

PS 28/22 Kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Ulvik herad.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Heradet sine bygg?
 - b) Heradet sine veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Heradet sine kaianlegg?
 - d) Annan infrastruktur i heradet som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Ulvik herad.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 5. Heradet sine bygg?
 6. Heradet sine veier, inkludert tunellar og bruer?
 7. Heradet sine kaianlegg?
 8. Annan infrastruktur i heradet som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

Referatsaker

RS 10/22 VS: FKT -info Oktober 2022

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 11/22 NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023

Saksprotokoll 08.12.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.